Til: Aurland kommune
v/ viltforvaltar
Frå:
Aurland hjorteutval

Ynskje om reduksjon av hjortestamma i Aurland på grunn av CWD.

Aurland hjorteutval ser det som eit naudsynt tiltak å redusera hjortestamma i kommunen, for å minska smitterisikoen av CWD. Mykje tyder på at det blir ei utskyting av reinsstamma i Nordfjella villreinområde. Til nedskytinga blir gjennomført kan det vera smitterisiko til hjortestamma. Derfor er det no denne reduksjonen må skje. Smitterisikoen minskar for kvart år villreinen er vekke.
Med eit auka uttak vil me og få fleire prøvar inn for testing for CWD. Me forutset at NINA står for både innsamling , prøvetaking for CWD og kjeveinnsamling.

Me er i siste året av planperioden for Aurland bestandsplanområde for hjort. Det har vore ca. 55% felling, så det er mange ubrukte løyve. Formelt gjer me det på den måten at Aurland hjorteutval skriv kontrakt med dei valda som har ubrukte løyve, om at Aurland hjorteutval disponere dei til utdeling til valda som har felt kvoten og har trong for fleire løyve.
Me ser det ikkje som noko problem at løyva blir delt ut som frie løyve, fordi me har rikeleg med småbukk i stamma. Me har nesten ein bukk pr. kolle i sett hjort matrialet. Når løyva blir delt ut som frie løyve er det større moglegheiter for utteljing, og ein kan skyta det fyrste dyret som kjem forbi om ein vil.

Aurland hjorteutval vil oppfordra alle grunneigarar/ rettigheitshavarar i Aurland bestandsplanområde for hjort til å auka uttaket denne jaktsesongen. Det er 167 løyve som kan nyttast frå dei 2 føregåande åra i planperioden. Slik situasjonen er no med CWD forutset me at det ikkje er begrensingar på overflytting av løyve frå år til år.

Aurland hjorteutval søkjer og om att elgjakta fylgjer jaktperioden for hjort frå 1. september til 23. desember. Elgen står høgt, og det er i starten på hjortejakta det er størst sjanse for å treffa på han. Det vil føra til at me får inn fleire prøvar frå elg. Sesongen 2016 vart det felt 4 elgar i Aurland.

Oppsummert:
-Me ynskjer ingen begrensingar på overflytting av løyve frå dei to føregåande åra i planperioden til Aurland bestandsplanområde for hjort. Men her må valda fylgja avskytingsplanen.
-Aurland hjorteutval skriv kontrakt med dei valda som har ubrukte løyve, om at Aurland hjorteutval disponere dei til utdeling til valda som har felt kvoten og har trong for fleire løyve.
Desse løyva blir tildelt/ formidla som frie løyve.
-Me ynskjer elgjakt frå 1.september til 23.desember.
-Til neste år skal det lagast ny bestandsplan, då skal siste nytt innan CWD vera med i føringane for planen

Aurland 28/3-17

Vedteke på Årsmøte i Aurland hjorteutval 28/3-17